



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253	Vår referanse: 16/187667-2	Dykkar referanse: 14/3040 – 16/23226	Vår dato: 18.01.2017
------------------------------------	--	-------------------------------	--	-------------------------

Reguleringsplan – Øvre Holsbergstien – Meland kommune – Offentleg ettersyn og høyring

Vi viser til oversendt framlegg til reguleringsplan for Øvre Holsbergstien i Meland kommune. Føremål med reguleringsarbeidet er detaljregulering av område B9 i vedteken reguleringsplan for Holmemarka Aust.

Planområdet har tilknytning til fylkesveg 564 via kommunal veg Holmemarka og privat veg Holsbergstien. Framlegg til reguleringsplan legg til rette for 60 nye bustadeiningar innanfor planområdet

I varsel om oppstart stod det at sikring av barn og unge vil vere ein viktig føresetnad i planarbeidet, og dette er i hovudsak løyst godt ved bilfrie tun, snarvegar og fortau. Statens vegvesen vil rå til at fortauet langs den private adkomstvegen vert vidareført langs heile vegen. Vegen er smal og bratt, og det kan oppstå farlege situasjonar om born og bilar skal ferdast i same areal. Vi vil vidare rå til at ein har fokus på å trygge tilhøva på tilkomstvegane gjennom eksisterande bustadområde i anleggsfasen.

Ut over ovannemnte har vi ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Kopi

Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN